



Velkommen til Seimsdal Sjukeheim

Til _____ og pårørende

Velkommen som bebuar på Seimsdal sjukeheim frå dato: _____

Seimsdal sjukeheim består av:

Seimsdal sjukeheim består av 16 plassar, fordelt på to avdelingar.

Avd A- pleieavdeling

Avd B- dementavdeling

Seimsdal sjukeheim har tilsynslege kvar tysdag. Me samarbeida og tett med fysioterapeut, ergoterapeut, tannlege, fotpleiar og frisør.

Kvar brukar vil få utdelt ein primærkontakt. Denne skal vera pasienten og pårørende sin næraste kontaktperson i høve spørsmål og praktiske gjeremål. Sekundærkontakt samarbeider med primærkontakt.

Din primærkontakt er: _____

Din sekundærkontakt er: _____

Mattider:

Frukost:08.00-10.00

Middag: 13.00-14.00

Kaffimat:16.00-16.30

Kveldsmat:19.00- 19.30

Sein kveldsmat:21.30-22.00

Vårt mål er å leggja til rette for at kvar brukar skal oppleva tryggleik og livskvalitet i eit heimekoseleg, oversiktleg og roleg miljø. Me arbeider til ei kvar tid for at brukaren skal oppretthalde sitt funksjonsnivå og få heilskapleg omsorg og pleie. Brukarane har anledning til å ta del i eit sosialt miljø og aktivitetar ved sjukeheimen

Seimsdal sjukeheim har eit fint uteområde med inngjerda hage, som blir mykje brukt av pasientar, pårørende og personalet. Ein kan og sitte på terrassen og nyte fjordutsikta

Tlf. nr. til sjukeheimen:

Avd. A: 45 87 93 43

Avd. B: 45 87 93 42

Til bebuar og pårørande:

Betaling for langtidsopphald på institusjon:

Du vil motta eige skriv i Digipost/ pr post dersom du ikkje har Digipost som omhandlar eigenbetaling for langtidsopphald på institusjon. Første månad på institusjon er betalingsfri, så lenge ein ikkje har vore meir enn 60 dagar på korttidsopphald same år. Om pårørande skal motta dette skrivet, treng me å få fødselsnummer til den som skal registrerast som post ut mottakar

Verdisaker:

Me kan låse inn verdisaker på sjukeheimen. Nokon vel å ha litt peng liggande om ein er i behov for å handle inn eigen sjampo, balsam, dusjsåpe og for eksempel deodorant, eller om ein ønskjer å ta seg ein tur på butikken og handle litt.

Møblering av pasientrom:

Av møblar på pasientrom er det nattbord, klesskap, salongbord, 2-setar sofa og ein god stol.. Om bebuar vel å henge opp bilete er det bebuar og pårørande sitt ansvar å vaske støv av dette ein gang i veka.

Frisør og fotpleiar:

Gje oss beskjed om de ønskjer at din kjære skal få dette tilbodet. Både frisør og fotpleiar kan ta betaling via vipps, de vil da få Vipps krav. Fotpleiar rekk ikkje alle bebuarane på same dag, så dette rullera me på. Frisør rekk stort sett alle på same dag.

Fellesareal:

Me har spisesal og daglegstove på begge avdelingane for bebuarane. Me har eit større opphaldsrom i 'holen' som ein kan bruke om ein er på besøk og det ikkje er plass til alle på rommet til bebuar. Det er ikkje ynskjeleg at pårørande sitt i fellesstover der andre bebuarar og oppheld seg. Dette grunna personvern for kvar enkelt som bur på Seimsdal sjukeheim

Post:

Me har postkasser som heng utfor inngang til begge avdelingane. Pårørande lyt sjekke postkassene regelmessig. Dersom bebuar ikkje handtera rekningar sjølv kan det vera ein fordel å få desse omadressert til den som skal bi stå bebuar med dette.

Kva når bebuar ikkje har behov for plassen på sjukeheimen lenger:

Da har bebuar /pårørande inntil 2 døgn for å tømme rommet slik at det er klart for nevast. Det skal ikkje settast igjen møblar. Det bebuar tek med seg inn på sjukeheimen, må bebuar/pårørande ta ansvar for å fjerne.

Private kle og vasking av klede:

Om de ønskjer å vaske klede sjølv, så kan de gjere det. De kan lage avtalar med oss på at me samlar klede i ein pose på rommet til bebuar, eller så sender me klede til vask på Sogn Vekst. Der blir klede vaska på 60 grader, så da er det viktig at dei har klede som toler å bli kokt. Det er viktig at dei har rikeleg med klede, da det kan ta litt over ei veke før klede kjem i retur frå Sogn Vekst. Om bebuarane har finare klede som må vaskast for hand, så må pårørande ta ansvar for å vaske dette. Om klede skal vaskast på Sogn Vekst, så må klede vera godt merka med romnummer, de får utdelt slike lappar på sjukeheimen. Det kan vera lurt å tenke over kva klede de kjøper. Om bebuar sit i rullestol og/eller ikkje greier å hjelpe til så mykje i påkledning sjølv, så kan det vera lurt å kjøpe klede i godt stoff som er romsleg og stretchy å få på.

Anna informasjon:

Innan to veker etter du har flytta inn hjå oss vil det bli planlagd ein samtale med deg, pårørande og ein tilsett. Her vil ein blant anna gå gjennom kva tenesta du kan forvente å få på sjukeheimen, avklaringar på kven av dine som skal kontaktast ved behov, høyre kva forventningar du og pårørande har rundt det å bu på sjukeheimen og kva forventningar me har til deg og pårørande medan du bur her.

Tlf. nr til avdelingssjukepleiar: 90 74 93 60

e-post: stine.sorli@ardal.kommune.no

Med venleg helsing

Stine Sørli